


Gamalosttinget 2016

Rambærstølen

4. juni 2017 kl. 19.00

Årsmøtesaker



Sak 1:
Val av ordstyrar, referent
og ein til å underskrive
referatet.
Godkjenning av
møteinnkallinga

Sak 2:
Årsmelding for 2016

Sak 3:
Rekneskap for 2016

Sak 4:
Saker framlagt for
årsmøtet

Sak 5:
Styrets forslag til budsjett
for 2016

Sak 6:
Val av styre og valnemd





Sak 2: Årsmelding 2016

Norsk Gamaostlag vart skipa i 1983. John Moberg gjorde stor innsats for at Gamalosten skulle koma på bordet alle stader der maten vart teken på alvor. Då Moberg gjekk bort, gjekk Gamalostlaget i kvilemodus.

30 år seinare, i april 2013, var det "oppstode" att for Gamalostlaget på Meieribaren i Vik med 43 deltakarar til stades. Kveldens store positive sjokk var at direktøren i Ostecompagniet, Rune Jenssen klaska 50.000 kr på bordet til Norsk Gamalostlag. Hurra! På neste årsmøtet fekk me eit endå større positivt sjokk, då Jens Christensen fleska til med 130.000 kr til det vidare arbeidet. Såleis har me kunna samla oss om det verkelege arbeidet, - å fremja og verna Gamalosten, og i tillegg gjera det med stor glede, utan at økonomien held oss bakom hine ostane.

Sjølv om Gamalosten er eldre enn dei eldste skriftene me har i landet vårt, og eldre enn papiret òg, går osten no attende til det papirlause stadiet att. Han har verkeleg fått fotafeste i lause lufti, på nettet, takka vera Mustafa frå Highsoft. Gamalostlaget v/ Odd Rune Turvoll, har leigd han inn for å gjera ein topp moderne jobb for oss. Resultatet kan de sjå sjølve, at informasjonen om Gamalosten svevar høgt over alle andre ostar. Det skulle berre mangla. Det er der Gamalosten høyrer heime. Flott er det i alle fall, og matnyttig opp att på.

Sist Gamalostfestival, 2016, var som vanleg med fullt trykk. På Fagseminaret fekk me førelesing av norsk kulturattache gjennom mange år i Kina, Rigmor Johnsen. Hennar tema var UMAMI, den femte smaksansen, den som Gamalosten fløymer over med. På Gamalosttinget formidla budeie Anne Karin Hatling frå Skjerdal i Aurland, med ord og bilete, om livet deira på heimastølen og fjellstølen. På begge stader koka dei geitost. Me vart inviterte til støls. Den turen tek me sikte på å ta no i sumar, søndag 2. Juli. Rigmor Johnsen har alt meldt seg på.

Som vanleg kokte Ragnar Hove Gamalost på Gamalostfestivalen, i sør-hukken ved Meiriet. Det har verkeleg stor symboleffekt med tanke på den tradisjonelle måten å laga gamalost på. På Meiriet slepper me ikkje inn i det aller mest heilage, utan at me vert "sterilisert" fyrst. Difor håpar me at Ragnar har mange sesongar framfor seg. Me vil prøva å få i gong ei Gamalosthelg i Borgstova til hausten, der Ragnar kokar Gamalost i lag med oss andre interesserte. Kanskje ein laurdag i oktober kan vera høveleg?

Matstreif i Oslo er det aller største matmessa i landet. Gamalostlaget var der, som vanleg, i Matmerk si avdeling, med Eva Skeie, Bjørg Hønsi Aafedt, Jon Olav Aafedt, Torodd Tenold, Joanna Tenold, Marianne Hove Hardbakk og Svein Hardbakk. Fleire tusen smaksprøvar vart delte ut, med mange gode kommentarar rundt. Me er alt inviterte til haustens Matstreif, og tek sjølvsgatt sikte på å fara att.

Avisa Dag og Tid fekk nett Fritt Ord-prisen. Dei har ein svært dyktig, fast, matskribent, Siri Helle. Den 3. Mars i år skreiv ho om Gamalosten i samband med Hulda Garborg. "Han hev temperament som fin vin, og er lunut som ei alt for ven ungmøy; det er løyndomsfulle makter i han som i ingen annan norsk ost." Ho Siri Helle er alt tinga til neste års Fagseminar.

Me har hatt eit styremøte med alle medl. til stades, pluss fleire større og mindre arbeidssamkomer sidan førre Gamalostting.



Følgjande personar sit i styret: Henning Rivedal, Eva Skeie, Ragnar Hove, Odd Rune Turvoll, Per Henning Liljedahl og Jens Brekke. Skrivarar er Joanna Tenold og Bjørg Aafedt Hønsi. Me er innmelde i Brønnpøysundregisteret med org nr: 912 212 505. Autorisert rekneskapsførar er Vik Kontorteneste.

Art/bransje: "Norsk Gamalostlag skal verka for å fremja kunnskap, bruk og medvit om Gamalost. Laget skal freista å heva osten sin posisjon i samfunnet, og arbeida for å ta vare på kulturen og historia rundt osten.."

Det gamle medlemsregisteret inneheld i alt 1.696 medlemmar. 1.606 var norske medan dei andre kom frå Belgia (1), Canada (1), Danmark (14), Finland (2), Frankrike (3), Tyskland (22), Grønland (1), Italia (1), Latvia (2), Litauen (3), Nord-Irland (2), Nederland (1), Polen (1), Sveits (2), Sverige (10), England (9) og USA (15).

Årsmøtet i 2016 oppmoda styret om å tilby gamle medlemmar nytt medlemskap. Det viser seg vanskeleg å velje dei som kan tilskrivast. Ein del fødselsdatoar manglar og adresser kan være forelda. Ein har difor valt å ikkje vende seg til gamle medlemmar både grunna mogelegheitene for at nokre kan være avlidne. Arbeidsmengda ville bli svært stor. Ein har difor valt å ikkje fylje oppmodinga frå årsmøtet i fjor.

Tal på skinnbrev medlemer så langt er 66.

Helsing og takk frå Jens Brekke, hovding i Norsk Gamalostlag, mai 2017

Norsk Gamalostlag
Resultatregneskap desember 2016

	Verkeleg hittil	Budsjett hittil	Verkeleg hittil i fjor
3300 ANDRE INNTEKTER	0	0	1 200
3500 GÅVER	0	75 000	0
3900 MEDLEMSKONTINGENT/SKINNBREV	7 800	40 000	7 700
Andre inntekter	7 800 ✓	115 000	8 900
Sum driftsinntekter	7 800	115 000	8 900
4305 KJØP LÆR TIL SKINNBREV	3 750 ✓	10 000	0
Varekostnader	3 750	10 000	0
Bruttofortjeneste	4 050	105 000	8 900
Dekningsgrad	51,9%	91,3%	100,0%
6500 GRAVERING	1 313 ✓	0	1 796
Verktøy, inventar	1 313	0	1 796
6700 REKNESKAPSHONORAR	6 654 ✓	15 000	6 428
6710 HONORAR	0	25 000	3 950
Remmede tjenester	6 654	40 000	10 378
6800 KONTORREKVISITA	0	5 000	0
6810 DATA/EDB-KOSTNAD	4 147 ✓	0	0
6860 MØTEKOSTNADER	5 100 ✓	0	0
Kontorkostnader	9 247	5 000	0
7140 RESEKOSTNADER, ikkje oppg.pl.	5 506 ✓	15 000	6 077
Reise, diett	5 506	15 000	6 077
7320 ANNONSER	0	0	1 925
7321 REKLAMEKOSTNAD	18 083 ✓	35 000	15 316
Salg, reklame, repr.	18 083	35 000	17 241
7770 BANK- OG KORTGEBYR	42 ✓	0	240
7790 ANNAN KOSTNAD/ÅRSAVGIFT	0	15 000	191
Andre kostnader	42	15 000	431
Sum driftskostnader	40 845	110 000	35 923
Driftsresultat	-36 795	-5 000	-27 023
8050 RENTEINNTEKT	38 ✓	0	116
Finansinntekter	38	0	116
8155 MORARENTER	0	0	16
Finanskostnader	0	0	16
Netto finansposter	38	0	100
Resultat før skatt	-36 756	-5 000	-26 923
Resultat etter skatt	-36 756	-5 000	-26 923

Norsk Gamalostlag



Balanse 31.12.2016

	Pr 01.01.	Hittil i år:	Endring	%
Eiendeler				
Anleggsmidler				
Varige driftsmidler				
Finansielle anleggsmidler				
Omløpsmidler				
Fordringer				
1500 KUNDEFORDRINGER	5 000	5 000	0	0,0
Kundefordringer	5 000	5 000	0	0,0
Sum fordringer	5 000	5 000	0	0,0
Investeringer				
1920 BANK 3800.15.66757	107 869	58 245	-49 625	-46,0
Bankinnskudd, kontanter o.l.	107 869	58 245	-49 625	-46,0
Sum omløpsmidler	112 869	63 245	-49 625	-44,0
Sum eiendeler	112 869	63 245	-49 625	-44,0

Norsk Gamalostlag

Balanse 31.12.2016

	Pr 01.01.	Hittil i år:	Endring	%
Egenkapital og gjeld				
Egenkapital				
Innskutt egenkapital				
Opptjent egenkapital				
Udisponert resultat	0	-36 756	-36 756	0,0
2050 EIGENKAPITAL	94 188	94 188	0	0,0
Annen egenkapital	94 188	94 188	0	0,0
Sum opptjent egenkapital	94 188	57 432	-36 756	-39,0
Sum egenkapital	94 188	57 432	-36 756	-39,0
Gjeld				
Avsetning for forpliktelser				
Annen langsiktig gjeld				
Kortsiktig gjeld				
2400 LEVERANDØRGJELD	14 181	1 313	-12 869	-90,7
Leverandørgjeld	14 181	1 313	-12 869	-90,7
2960 PÅLØPEN KOSTNAD	4 500	4 500	0	0,0
Annen kortsiktig gjeld	4 500	4 500	0	0,0
Sum kortsiktig gjeld	18 681	5 813	-12 869	-68,9
Sum gjeld	18 681	5 813	-12 869	-68,9
Sum egenkapital og gjeld	112 869	63 245	-49 625	-44,0





Revisjonsmelding for Norsk Gamalostlag 2016

Rekneskapen blir ført av Accountor Økonomi Sogn og viser resultatrekneskap, balanse og spesifisert hovudbok av inntekter og utgifter.

Driftsrekneskapen viser eit minusresultat på Kr. 36756,00.

Bankkonto (kr. 58244,84) stemmer med kontoutskrift frå Vik Sparebank.

Eg har gått gjennom alle bilag for inntekter og utgifter, og tilrår at rekneskapen vert godkjend.

Vik i Sogn, 18.04.2017



Gerd Tveit
Gerd Tveit



Sak 5: Budsjett 2017

Budsjett Gamalostlaget		Budsjett
	pr stk	2017
Medlemskontingent enkeltpersonar	tal	25
Medlemskontingent enkeltpersonar	300	7 500
Medlemskontingent verksemder	tal	1
Medlemskontingent verksemder	5000	5 000
Sal av rekvisita		5 000
Tilskot		50 000
SUM INNETEKTER		67 500
<i>Variable kostnader</i>		
Medlemsbrev	200	5 000
Rekvisita		2 000
1ste Ostebok		
Nettside		10 000
Messer / matfestivalar		6 000
Lønn		25 000
Andre variable kostnader		5 000
SUM VARIABLE KOSTNADAR		53 000
<i>Faste kostnader</i>		
Marknadsføring		20 000
Reknskapsføring		7 000
Andre faste kostnader		3 000
SUM FASTE KOSTNADAR		30 000
DRIFTSRESULTAT		-15 500

Sak 6: Val

Valnemda innstiller på at alle representantane tek gjenvæl.